

Den utvidede utenrikskomite
Møte torsdag den 2. mars 1939 kl. 10

**Den utvidede utenrikskomite
Møte torsdag 2. mars 1939 kl. 10.**

Møtet ble ledet av formannen: Hambro.

Fraværende: Sundby

Formannen: Jeg har etter henstilling fra forskjellige medlemmer av komiteen bedt utenriksministeren komme her i dag for at vi kunde få stille ham enkelte spørsmål og få litt rede på hva der er passert på utenriksministermøtet i Helsingfors, og fordi vi gjerne vil spørre om et par av de ting som har sammenheng med saker som vi har drøftet sammen med utenriksministeren eller Regjeringen tidligere. Det som formodentlig i høyeste grad har interesse for komiteens medlemmer med hensyn til ministermøtet i Helsingfors, er å høre hva der er blitt vedtatt som retningslinjer, kan man vel kalle det, for de nordiske lands forhold til Spania og spørsmålet om anerkjennelse av Franco, likesom det naturligvis interesserer oss alle sterkt å høre om der er nogen almindelige utenrikspolitiske forhold som utenriksministeren finner av den betydning at vi bør være kjent med dem. Utenriksministeren vil gi en utgreiing om handelspolitiske forhold i møte for lukkede dører førstkomende onsdag, så de spørsmål er det unødvendig å komme inn på her, bortsett fra spørsmålet om den eventuelle anerkjennelse av Franco. Men vi har jo med en viss uro fulgt rykter om, jeg vil ikke si friksjoner med Tyskland, men stadige henvendelser fra tysk side angående det ene forhold og det annet forhold her hjemme. Likeledes vil komiteen, før den avgir innstilling om stortingsmeddelelsen om anneksjonen i Antarktis, sette pris på å vite om der er kommet nogen protester eller nogen reservasjoner i anledning av den norske note om at disse land der nede er inndratt under norsk suverenitet. - Jeg vet ikke om utenriksministeren vil svare på noen av disse spørsmål her, før jeg gir nogen annen ordet?

Statsråd Koht: Eg vil få lov å segja at dette kom brått og uventande på meg. Eg må få segja det akkurat som det er. Eg tala med formannen, og han vilde eg skulde koma i nemnda og fortelja frå utanriksministermøtet i Helsingfors. Eg har ikkje med nokre dokument, eg har ikkje nokon ting, men eg skal sjølv sagt freista å svara so godt eg kann på dei spørsmåla som kjem. Men eg har ikkje butt meg med nokon ting av det som eg burde ha teke med, i tilfelle eg hadde visst at det skulde bli, um ein vil, ein ålmenn spørsmålstime. Eg trudde, som sagt, at dette berre var eit møte innanfor sjølve utanriksnemnda.

På møtet i Helsingfors hadde vi ei lang saksliste, ei heil mengd spørsmål som vart dryfte millom utanriksministrane, og det er greitt at eit av dei spørsmåla var tilhøvet til Spania, det som formannen nemnde her. Um det vart det ikkje vedteke anna enn det som vi har kunngjort

i blada, det kommunikeet som vart sendt ut, at vi var samde um at vi vilde gå fram i samråd med kvarandre, so vi kunde fylgja dei same framgangslinone. Men elles var vi alle samde um at enda då, slik som det då låg, måtte vi venta og sjå korleis det gjekk. Vi var fyrebudde på at nær sagt kvar einaste dag vilde føra med seg ei ny hending og nye meldingar, slik at det var uråd på fyrehand å gjera noko slag vedtak, og det vart då heller ikkje gjort. Og no har medlemene av nemnda set i blada det som utanriksminister Sandler har sagt i går i den svenske Riksdagen som svar på ein offentleg interpellasjon der. Det er just det same som eg segjer no, at tanken er at desse nordiske landa skal gå fram i samråd i dette spørsmålet, vi må sjå korleis allting går, so stillinga er heilt klår fyrr noko blir gjort. Det er det einaste som ligg fyre um den saka. Eg kann leggja attåt at eg har set kvar dag i blada her maningar um at Noreg nu må skunda seg å koma fyre dei andre nordiske landa med godkjenning for general Franco. Eg må ærleg vedgå at den nervøsiteten som kjem til ords på den måten, har ikkje fengt meg. Eg trur ikkje det minste på at det har nokon ting å segja for handelstilhøvet vårt der nede, eller at vi kann tena ein einaste skilling på å koma ein dag eller two fyre dei andre nordiske landa med ei slik godkjenning, um vi skulde gjeva ho. Eg trur vi kann taka den ting med ro, og i so måte kann eg for ein gong skuld segja meg samd i det som stod i bladet «Nationen» i dag, at det er eit stort mistak å tru at dei der nede i Burgos no sit og reknar etter kven som kjem først, og so vil esla ut økonomiske fyremuner etter det. Eg har ikkje den minste kjensla av det, og eg har då litegrand å gjera med dei folk som representerer Spania her. Det er det einaste som eg kann segja um dette spørsmålet. Eg veit ikkje um formannen vil at eg skal gå inn på nokre andre spørsmål med det same, eller um det er like godt at dei av medlemene i nemnda som kann ha noko å segja til dette, får ordet.

Lykke: Det var jo meget interessant å høre det korte utdrag som utenriksministeren gav, men jeg deler ikke helt hans ro i denne sak. Jeg er heller ikke av dem som har lett for å bli nervøs, men forholdet er vel slik - jeg ber utenriksministeren korrigere mig hvis det ikke er tilfellet - at de nordiske lands interesser i Spania ikke helt faller sammen. Det er sagt mig at Norge har en vanskeligere samhandel med Spania enn Danmark, Sverige og Finnland. Hvorvidt vi vil tjene nogen øre med å komme før eller siden, vil jeg ikke uttale mig om. Det er mulig at utenriksministeren har rett der. Men slik som forholdene nu ligger an, og etterat Storbritannia og Frankrike har anerkjent Franco, synes jeg nok at det vilde ta sig dårlig ut hvis den norske Regjeringen, enten alene eller sammen med de øvrige nordiske land, drøiet for lenge med å ta det skritt som utviklingen nu gjør nødvendig.

Formannen: Jeg vil få lov til å spørre om hvorledes det er med den danske, det vil si med den islandske og færøyiske klippfiskeksporten til Spania. Har ikke de i de siste årene hatt meget lettere for å få avsatt fisken enn man har hatt fra norsk side. Om jeg ikke husker feil, kom Danmark først med å opnevne en agent eller treffe en ordning med regjeringen i Burgos.

Statsråd Koht: Noreg var først.

Formannen: Det er mulig at Norge var først offisielt, men Danmark var, sier alle våre klippfiskeksportører, meget tidlig ute med sin handelsagent der ende. Men hvordan er det: Kan utenriksministeren si oss om Danmark har nogen fast klippfiskordning med Burgos nu, og hvorledes det er med den norske klippfiskeksport? Har vi nogen tilfredsstillende ordning med den, eller har vi store vanskeligheter? Det er vel for mange av representantene her hovedspørsmålet når det gjelder vår forbindelse med Spania. Skibsfarten har jo også en meget stor betydning, og der har jo vært adskillige friksjoner. Det er vel så at vi på det punkt har betydelig større interesser enn de andre nordiske land. Men forøvrig er jo forholdet til Spania det, at den norske utførsel til Spania ordinært er omrent like stor som den spanske innførsel fra Norge. Vi har ikke - hvis ikke forholdet har endret seg sterkt - den samme art av vanskeligheter under forhandlinger her som vi har hatt med Frankrike, fordi vår utførsel til Frankrike har vært betydelig større enn vår innførsel. Vi har jo en tredobbelts representasjon i Spania for tiden ennu sittende, og det er vel for tidlig å si hvordan det vil gå med den. Det er vel helt ugyørlig å treffe nogen salgsordning av nogen art, med det som kunde kalles det republikanske Spania idag. Begge parter har altså sin representasjon i Oslo, og jeg vil gjerne spørre: Er det gjort nogen henvendelse fra nogen av dem, enten fra representanten for Francos regjering om en offisiell anerkjennelse, eller nogen henvendelse fra representanten for regjeringen som tidligere var i Valencia og Barcelona, med anmodning av den ene eller den annen art? Vi har liggende en henvendelse i komiteen fra det spanske Cortes' arbeidsutvalg, det kom i desember enslydende til formodentlig alle parlmenter, om å vedta en aksjon for å stanse bombardementene på åpne byer. I de andre nordiske land har de også fått den, men de har ingenting gjort med den. I Sverige fattet talmannskonferansen beslutning om at man ikke ville besvare den, eller gjøre noget med den, etter konferanse med Utenriksdepartementet. Og det er visst ganske nytteløst overhodet å gjøre noget med den nu.

Så har vi i komiteen liggende en henvendelse fra Norges kommunistiske parti om å åpne adgang til eksport av ammunisjon til regjerings-Spania. Regjeringen har fått det samme andragende. Jeg går ut fra at det eneste man kan gjøre

med det nu, er ganske stille å vedlegge det protokollen. Jeg går ut fra at Regjeringen under de forhåndenværende forhold ikke akter å inngå til Stortinget med nogen uttalelse i anledning av den betenkning? Jeg spør om det, for vi vil gjerne få den av vår arbeidsorden her.

Statsråd Koht: Den saka som er send frå Cortes til Stortinget, har ikkje Regjeringa noko med, so den kann eg ikkje segja noko um. Men Regjeringa har fått denne fyreteljinga frå det kommunistiske partiet, og eg for min part i minsto har meint, og eg trur heile Regjeringa er samd i det, at vi gjev ikkje noko svar på det. Vi meiner ikkje at vi står til rekneskap for alle parti som vender seg til oss. Når det er tale um parti, so er vi berre ansvarlege for vårt eige parti, og utanfor partipolitikken for Stortinget. So den fyreteljinga frå det kommunistiske partiet kjem det ikkje til å bli gjeve noko svar på frå Regjeringa.

So spurde formannen um nokon av dei spanske representantane her i Oslo hadde vendt seg til Regjeringa med noko slag politiske krav. Den nye representanten som er her frå den gamle Barcelona-regjeringa, kom til meg, eg tenkjer det må ha vore for godt og vel 14 dager sidan, det vil segja det var den fyrste gongen då det tok til å koma meldingar i blada um at Storbritannia og Frankrike vilde gjeva godkjenning til Franco. Då kom han og spurde korleis den norske Regjeringa stod i dette spørsmålet, og eg sa for det fyrste, som sant var, at vi hadde slett ikkje dryft det spørsmålet i Regjeringa, og for det andre sa eg at eg mente det var rimeleg at vi vilde koma til å samråda oss med dei andre nordiske regjeringane. Det var ein faktisk ting som der kunde koma til, den at no har vi ikkje lenger nokon representant hos Barcelonaregjeringa, og kva slag regjering som der finst, veit vi ingen ting um, so der har vi nok ingen representant p.t., og det er vel tvilsamt um vi i det heile kann koma til å få nokon der. Campuzano - eg nemner namnet hans - som kom med denne fyrespurnaden, sa at han hadde fått det svaret som han hadde venta, og han var heilt velnøgd med det. So var han dessutan hos meg no for 2 dagar sidan og hadde eit par praktiske ting å tala um. Eg må segja at eg hadde venta at han då vilde bera fram spørsmålet um godkjenning de jure. Men det nemnde han ikkje med eit einaste ord, og det er ein av dei ting som eg byggjer på, når eg segjer at eg trur ikkje Burgos-regjeringa har noko slag tanke um at det skal hasta so gruveleg for oss, at dei legg noko press på oss soleis. Det er andre ting som òg kjem inn, men eg meiner eg kann ha full grunn til, som eg sa i stad, ikkje å bli nervøs.

So var det dei praktiske spørsmåla um handel og skibsfart som formannen nemnde. Der vil eg minna um den ting at den kleppfiskens som vi har selt til Spania i desse åra det har vore borgarkrig, har mest utan undantak gått til det som vi fyrr kalla Regjeringsspania. Umlag all kleppfiskens som vi

sel til Spania, går til den parten av landet. I 1938 har vi selt til dette gamle Regjeringsspania 7 000 tonn kleppfisk. Etter den clearingavtale vi gjorde i 1936 straks fyrr borgarkrigen braut ut, skulde den regulære utførsla vår til Spania bli umlag 10 000 tonn. Vi har, som sagt, i 1938 selt 7 000 tonn, og det har gått til det gamle Regjeringsspania, gått til Valencia- og Barcelonamkvervet. Vi har, det eg veit, ingen ting selt i 1938 til Franco-Spania. Eg har ikke desse tala her, som eg sa istad, eg må tala berre etter minnet. Noko har visst gått inn i nokre av desse kompensasjonsforretningane som vi har gjort med Burgos òg, men det har synt seg heile tida at der har dei lite bruk for fisk, dei bergar seg langt med den fisken dei sjølve tek. Når vi i kompensasjonsforretningane våre har kravt at dei skal taka kleppfisk med, so har vi mått leggja svært hardt trykk på for i det heile å få det til. Og det gjeld det same med dei kompensasjonsforretningane som det har vore tinga um i Burgos no i dei siste vikone, etter agenten vår, generalkonsul Huitfeldt, har kome dit. Dei segjer i minsto at dei ikke har det minste bruk for all denne kleppfisken. Dette er vel nett av dei ting som kjem til å bli annarleis um borgarkrigen sluttar, soleis at heile Spania blir eitt og vi på nytt kann få handel med austparten av Spania. Då skulde det bli meir chance for kleppfisken vår der. Det er dette spørsmålet som har hindra at vi har fått gjort upp dei kompensasjonsforretningane som det har vore tinga um i dei siste vikone, det er nett dette at vi på norsk side har sagt at vi må ha kleppfisken med, og at dei på den andre sida har sagt at den har dei ikke noko bruk for, eller at dei i minsto vil setja kleppfisken so langt ute i rekkja i ein kompensasjon, at det er lita von um at fisken i røynda skulde kunna bli selt. Med Island trur eg det er so at dei ikke heller har fått sendt noko kleppfisk til Burgos-Spania i denne tida. Danmark har, for nokre vikor sidan, gjort ei kompensasjonsforretning i Burgos, og eg kan ikke segja eg har visse for det, men eg trur at når Danmark har kunna gjera det, då må det ha gått inn i den kleppfisk frå Færøyane. Det er naturleg å tenkja seg, for eg veit ikke rett korleis Danmark elles skulde kunna selja varor dit ned, og kva dei so har kjøpt derifrå, veit eg heller ikke. Eg har ikke oppgåve over denne kompensasjonsforretninga - eg veit ikke um eg kunde få det heller for so vidt. Det er den upplysinga eg kan gjeva i det stykket. Med umsyn på skipsfarta har det vorte heilt annarleis etter vi fekk agenten vår dit ned. Fyrr var det soleis at dei norske skutone vart svært lite teknne i bruk, eller mest ikke, men no går norske skutor i fraktfart der, og er i det aller siste nytta jamvel til fraktfart frå Spania til Tyskland. Det syner seg at dei blir teknne i bruk på den gamle måten i den trampfarta som er. Eg trur det er dei upplysingane eg kan gjeva på dei spursmåla som formannen kom med til meg.

Joh. Ludw. Mowinckel: Jeg tror nok det handelspolitisk kan spille nogen rolle at vi ikke godkjener Franco. Jeg forstår godt at utenriksministeren gjerne vilde gå sammen med det øvrige Norden og kunne komme samtidig, men jeg tror det vilde være heldig om det fra norsk side kunde øves noget press på det øvrige Norden, for vi er utvilsomt de som er mest interessert. Efter at Frankrike og England har anerkjent Franco de jure, er jo hans stilling absolutt sikret, og da er det litt kjedelig å komme slengende bakefter. At det blir bemerket, det vet jeg. De kan nok være høflige og late som ingenting, spanierne - de er jo i høieste grad høflike mennesker, men det vil ikke si det samme som at de ikke noterer sig hvorledes vi stiller oss. Og at de er observante, har jeg et selvoplevet lite eksempel på. Vi seiler sammen med nogen andre norske redere en linje mellom Kanada og Kontinentet, som heter «Samseiling». Et av disse skib, det var tilfeldigvis det skib som tilhørte vårt rederi, hadde fått nogen flyvemaskindeler ombord, som efter papirene skulde gå til Tyrkia. De blev losset i fransk havn. Det viste sig imidlertid, hvad vi først fikk vite lang tid bakefter, at disse flyvemaskindeler egentlig skulle til Regjerings-Spania, og at det var en svindler som hadde utgitt falske papirer der henne. Han hadde tyrkisk forbindelse og samarbeidet med en tilsvarende mann i Tyrkia. Vi var helt uskyldige, men ikke desto mindre er samtlige skib som tilhører Mowinckels rederi, kommet på svartelisten i Burgos-Spania. Vi hadde et eksempel i et skib som kom fra Syd-Amerika og skulde inn og kulle i Teneriffe - det blev nektet kull, fordi det tilhørte vårt rederi. Vi har henvendt oss til Rederforbundet - jeg vet ikke om det er kommet så langt at det er kommet til diplomatiske forestillinger, men vi må naturligvis gå den diplomatiske vei når så langt kommer. Det kunde jo bli nokså generende for hele rederiet å bli boikottet av en regjering. Observante er de altså, og lite skal det til før de reagerer. Jeg nevner dette som eksempel på at de nok kan ha sine meninger og kan la de meninger få uttrykk på en ubehagelig måte hvis det passer dem.

Så vil jeg gjerne spørre hvordan det blir med vår representasjon der nede. Nu sitter jo Huitfeldt, som er den mest fremrakende mann vi kan få, som offisiell representant hos Burgos-regjeringen. Uten at regjeringen er de jure anerkjent, er han Regjerings representant hos Burgos-regjeringen. Så har vi Bøgh, som jo er vår offisielle gesandt hos den gamle regjering. Hvorledes er hans stilling, slik som det nu er blitt? Og har vi ikke endelig en mann i selve Regjerings-Spania, Wesman? Vi hadde ham, men han er kanskje kommet hjem, og har vi nu nogen i selve Regjerings-Spania? Jeg vilde gjerne ha litt rede på disse ting.

Statsråd Koht: Det er lett å gjeva svar på desse spørsmåla. Den gamle sendemannen vår i Spania, minister Bøgh, som hr. Mowinckel nemnde, sit framleis i St.Jean de

Den utvidede utenrikskomite
Møte torsdag den 2. mars 1939 kl. 10

Luz, tett på grensa, og der har han sete heile denne tida. Vi har mange gonger tenkt å kalla han heim, men det vart stendig avdrygt. Det var alltid so mange uvisse vilkår der nede, og der sit han då. Som eg sa i stad, ventar vi litt på kva som skal henda, og skal då sjølvsagt greia med dei praktiske vilkåra etter det som hender. Skulde den stunda koma, som det er klårt at vi må sjå framfyre oss, at det ikkje er meir enn ei regjering i Spania, trur eg det ikkje blir nokre vanskar med å få minister Bøgh akkreditert hos denne eine regjeringa. Vi hadde i Valencia den noverande konsul Wesman. Han kom heim for svert lenge sidan, det er vel snart eit år sidan han kom heim. I staden for han, sit legasjonssekretær Krogh-Hansen der nede. Han kom sig over grensa til Perpignan. Der sit han og har gjort god nytte for seg der med å hjelpa norske som kom frå Spania og skulde heim. Just dei siste dagane har han havt mykje arbeid med det, so vi har heller ikkje funne nokon serskild grunn til å kalla han heim. Men når ein no blir ferdig med all slik heimsending har vi ikkje noko serskilt bruk for han der nede. Som eg sa fyrste gongen eg hadde ordet, so hender det kvar dag noko. Vi må stella oss då for kvar dag etter det som hender, og vera budde på alt mogleg.

Joh. Ludw. Mowinckel: Sitter Næss i Madrid ennu?

Statsråd Koht: Ja, det får eg nemna. Eit av dei umsyna som gjer at vi held noko tilbake i dette spørsmålet um godkjenning for Franco, er dette at det i den norske legasjon i Madrid i denne stund sit - trur eg - 275 spanske rømlingar, og dei er militærpliktige alle, det er difor dei ikkje har kunna få sleppa ut. Skulde vi godkjenna Franco de jure, og dermed kalla tilbake den formelle godkjenninga som enno gjeld for den gamle regjeringa som vi i denne stund ikkje veit korleis det er med, so har vi den vågnaden at det då i Madrid blir teke hemn på desse som sit der. Det er eit umsyn som svenskane like eins har teke. Vi veit korleis det er i Spania, korleis dei two partar har hata kvarandre og venteleg hatar kvarandre endå meir enn hjarteleg, og vi veit at dei på båe sidene ikkje skyr nokon ting, nær sagt, når det gjeld menneskeliv, so vi har der eit umsyn som vi reknar med òg. Det er eit sideumsyn sjølvsagt, men vi reknar med dét òg.

Formannen: Jeg vil bare nevne som en tanke angående det siste som blev nevnt av hr. Mowinckel, og nu av utenriksministeren, at det muligens vilde være mer tjenlig, hvis vi anerkjenner Franco-Spania, ikke å sende den samme mann som har sittet i Madrid så lenge hos en annen regjering. Det kunde vel tenkes en annen anvendelse for Bøgh, som vilde gjøre det hele mer bekvemt og lempelig. Det kan jo også spille nogen rolle hvad andre regjeringer gjør med de diplomater som har vært der.

Er der nogen som ønsker å stille spørsmål angående forholdet til Spania?

Vegheim: Det var bare et lite spørsmål: Foreligger der oplysninger om de nordmenn som er blitt tatt til fange av Franco? Er der kommet nogen meddelelse om dem fra vår agent i Burgos?

Formannen: Mener hr. Vegheim de norske frivillige?

Vegheim: Ja, norske frivillige, som det har vært skrevet en del om i avisene.

Statsråd Koht: Vi har opplysningar um sume av dei. Vi kjenner ikkje til alle. Agenten vår arbeider med å få dei frigjevne.

Formannen: Jeg vet ikke om utenriksministeren vil gi oss nogen oplysninger om ettervirkningene av vår annekasjon i Antarktis - det er vel ganske kort gjort - meddele oss om der er kommet nogen protester eller reservasjoner eller nogen offisiell anerkjennelse fra andre som har mottatt vår note, uten at vi har krevet nogen anerkjennelse.

Statsråd Koht: Det er rett som formannen sa, vi har ikkje bede um noko slag godkjenning for landtilegninga i Antarktis, og vi har ikkje fått ho heller. Just for denne saka skulde eg helst hatt sjølve aktstykka med, um eg skulde kunna vera trygg på å gjeva rette opplysningar her, men eg skal segja det soleis som eg trur det skulde vera nokolunde rett. Den sovjetrussiske, den tyske og den amerikanske regjeringa - alle tri - har i ulike former gjort atterhald for den norske landtileigninga. Den russiske viser til at det er ein russisk uppdagar som fyrst har vore der - det var i 1820 - han såg ikkje land, so det synest meg nok å vera noko rart, men elles står det upplyst i sjølve fyrelegget for Kongen at denne russeren hadde vore der nede innanfor det sjøumrådet som det her gjeld, innanfor denne sektoren. Men det er då det dei byggjer på der. Frå tysk side segjer dei ikkje anna enn at dei går ut frå at denne saka skal bli ordna etter folkeretten. Det er noko slikt dei segjer. Den amerikanske regjeringa segjer at ho held seg til hande dei rettane som ho kunde ha der nede. Dette siste har elles ein samanheng for seg sjølv som eg må få nemna. Same dagen som eg gjekk i statsråd og den kongelege resolusjonen om landtilegninga i Antarktis skulde bli teken, kom det eit telegram frå sendemannen vår i Washington um at han hadde vore tilkalla til State Department, og der hadde dei spurt - eg hugsar ikkje no kor høg ein tenestmann det var, eg tenkjer det var understatssekretären - um Noreg vilde vera med på ei fråsegn som Dei Forente Statane den 6 januar, soleis 8 dagar i fyrevegen, hadde gjeve til den britiske regjeringa, der Amerika sa frå um at det heldt seg til hande alle sine rettar i dei umråda som Stor-Britannia eller britiske dominions

hadde lagt under seg. Den amerikanske regjeringa hadde sagt til grunngjeving for dette, at Noreg og Amerika hadde dei same interessone i Antarktis til å halda uppe den frie fangsta, so vi burde gå i hop um denne protesten. Det førde ikkje til - som nemnda veit - at vi let vera å taka den kongelege resolusjonen i denne saka, men den amerikanske regjeringa gjorde då det same etterhaldet for den norske okkupasjonen som ho hadde gjort for alle dei britiske fyrr. Det er det som ligg fyre der. Det er ikkje ein protest mot sjølve okkupasjonen, og det har vi ikkje frå nokon kant, men det er i dette høvet berre at den amerikanske regjeringa held seg til hande sine rettar, og i fyrelegget for Kongen har Utanriksdepartementet sagt frå um det, at det er ikkje tanken hos den norske regjeringa å vilja taka noko slag rettar frå noko anna land der nede i Sørishavet.

Formannen: Er det nogen av komiteens medlemmer som vil spørre om noget i denne forbindelse. Hvis ikke, vil jeg nevne for utenriksministeren det jeg nevnte tidligere, at det sikkert vil interesserte komiteens medlemmer å høre om der er noget som vi bør vite i forbindelse med alle de avisskrivier som der har vært, ikke minst i Tyskland, dels om den berømmelige utstilling i Bergen og bildelet der, dels om de norske lærebøker i tysk i gymnasiet, eller om andre ting. Vi så igår at det stod telegram fra Sveits om at den tyske og italienske minister sammen hadde vært hos utenriksministeren og rettet inntryggende forestillinger om en kontroll med pressen. Det er jo et spørsmål som har vært sterkt diskutert også i de nordiske land, så vi vilde sette pris på, hvis det foreligger noget, å bli au courant med det.

Statsråd Koht: Noko ligg det fyre, um det kann henda ikkje er so svært viktig alt. Pressa vår klaga dei på frå tysk side gong på gong i ei tid som ligg noko tilbake, men det har vore svært stilt med det lenge. Då eg for ei 2 månader sidan råka den svenske og den danske utanriksministeren, spurde dei um det kom mange klagor over pressa her i landet frå Tyskland, og eg måtte segja nei, eg hadde ikkje høyrt noko på lang tid. Då lo dei både two og meinte at dei hadde gjeve upp alle von um å få nokon kontroll over den norske pressa, for i Danmark og Sverige dreiv dei framleis på med alt slag press. No etterpå er det då i minsto kome noko. Det gjeld denne utstillinga i Bergen og den tyske leseboka. Um den tyske leseboka har den tyske sendemannen i Oslo vore og tala med utanriksråden for nokre dagar sidan, men etter som utanriksråden sa meg, gjekk den samtalens heilt venskapleg og roleg. Det var ingen sterke ord som vart nytta, det var meir som ei venskapleg dryfting. Med umsyn til utstillinga i Bergen får eg vedgå at den saka slett ikkje har gått so heilt venskapleg for seg. Det var den tyske konsulen i Bergen som fyrst greip inn og fekk formannen i styret for utstillinga til å dra attende eit bilet. Heile historia i Bergen treng eg ikkje blanda meg upp i. Ei tid

etter vart dette biletet synt fram att i «Bergens Arbeiderblad», og då vart det levert ein varbalnote i Utanriksdepartementet vårt, det var den tyske presseattachéen som kom med han. I den verbalnoten heitte det at dette biletet som var synt fram der burte, var ei grov krenkjing mot den tyske føraren og det tyske folket. Som grunngjeving for dette var det gjeve ei heil skildring av kva som stod på dette biletet. Den einaste måten eg kjenner biletet på, er gjennom den tyske skildringa. Eg får kann henda gjeva ho att her. Det var eit bilet med Hitler på talarstolen, og han var umgjeven av både civile og militære, militære med upplanta børsor, civile med uppretta hender, som tydeleg jubla fagnad til det som føraren sa. Alt dette kunda ikkje vera noka krenking, sjølvsagt. Lengst framme på biletet stod det eit ungt jødisk ektepar, i minsto måtte ein gå ut frå at det var eit ektepar, ein ung mann og ei ung kvinne, og dei bar på eit lite barn. Bak dei var det 2-3 gutungar som kasta stein på dei, og i nærleiken sat eller stod - det hugsar eg ikkje no - two kvinner som kviskra ihop og såg på det som hende med dette jødiske ekteparet, utan det minste teikn på medynk, stod det. - Då dette kom som verbalnote -

Joh. Ludw. Mowinckel: Om forlatelse et øieblikk - billedets titel?

Statsråd Koht: «Tysk kultur 1938». - Vi fekk verbalnoten med denne protesten den 7 februar. Nokre dagar etter, den 11 februar, kom den tyske sendemannen til meg personleg - han hadde fyrst søkt utanriksråden, men utanriksråden var sjuk i dei dagane, og so kom han til meg og tala um dette biletet, og kravde svært sterkt at eg måtte gripa inn, so dette biletet ikkje lenger skulde vera framsynt der burte i Bergen. Og han påtalda dessutan at «Arbeiderbladet» i Oslo hadde havt ein artikkel um det som hadde gått for seg i Bergen, og med ein viss spott sagt at den tyske konsul der ikkje hadde havt noka glede av det han hadde gjort, og det var då å «forherlige» det som var gjort der burte, og det var det ikkje bra at norsk presse gjorde, serleg ikkje når det var eit regjeringsorgan. Dessutan påtalda han at studentane i Bergen og like eins studentane i Oslo og i Trondheim hadde gjort vedtak som hadde odd mot eller brodd mot den tyske regjeringa, det hadde dei gjort gong på gong. Til dette siste sa eg at hos oss var det gamal tradisjon at studentane gjorde vedtak og protester um alt det dei vilde, og det var det ingen som kunde eller vilde hindra dei i. Og um pressa vår sa eg, som eg alltid har sagt, at pressa vår er fri, og at vi vil ikkje lata nokon taka frå oss pressefridomen vår. Til det svara den tyske sendemannen at det var slett ikkje hans tanke, men han meinte vi kunde alltid med det gode få pressa til å vera, som han meinte, meir nøytral. Men det var no serleg dette biletet burte i Bergen, då, som eg plent måtte gjera noko med. Eg sa for min

part at eg var ikkje heilt klår over kva som i dette biletet var slik ei grov krenkjing mot den tyske føraren, og til det svara ministeren at krenkjinga låg i dette at her på biletet var den tyske føraren skildra soleis at han stod og så på at jødar vart mishandla. Ja, sa eg, eg hadde set biletet i Tyskland i eit blad som heitte «Der Stürmer» som var gjeve ut av ein mann som stod den tyske regjering nær, og som kom ut med løyve i det minste av den tyske regjering, der hadde eg set biletet av framferd mot jødar, som var endå mykje verre enn det som var på dette biletet burte i Bergen, og når det kom ut i Tyskland med løyve av den tyske regjeringa, var det vel ikkje i seg sjølv so mykje verre um det vart skildra soleis at føraren såg på det. Men kos det no var eller ikkje, so vilde ikkje den tyske ministeren gå inn på den logikken, og heldt fast på at her var ei grov krenkjing som dei alle var sterkt upprørde over i den tyske legasjonen, og um ikkje eg gjorde noko med det biletet, so vilde det bli til stor skade for det venskaplege tilhøve millom Tyskland og Noreg; det vilde ha ein lei verknad i Tyskland um ein ingen ting gjorde. Dette heldt han fram, og so sa han då at dette var ikkje noko trugsmål, men han sa det for di han gjerne ynskte at det skulde vera eit godt tilhøve millom desse two landa våre. Men han måtte leggja det svært sterkt inn på meg kor mykje skade dette vilde bli for venskapen millom dei two landa. Under den samtale skaut eg inn den merknaden at det stod då for meg som at biletet ikkje lenger var framsynt i Bergen, at det var slutt på den framsyninga der; men til det svara ministeren rett kvast at det hadde ikkje legasjonen nokon kunnskap um, dei hadde inga melding fått um det. Ja ja, det slutta med at eg sa at eg skal sjølvsagt tenkja på det han hadde sagt, og rådføra meg med dei andre regjeringsmedlemene um saka. Men då so sendemannen var gått, so sende eg bod i arkivet og fekk tak i den verbalnoten som var innlevert fire dagar i fyrevegen, og so viste det seg at det var frå den eg hadde det som stod i hjernen min, at framsyninga i Bergen var slutt; for som eg sa, denne verbalnoten er dagsett 7 februar, og det stod med reine ord i verbalnoten at dette biletet skulde vera framsynt i Bergen i dagana 6-8 februar. For no å vera heilt trygg tok eg ein rikstelefon burt til Bergen og fekk spurt etter korleis det var med denne framsyninga, og fekk stadfest at ho var slutt for nokre dagar sidan, ho hadde berre vart disse tri dagane. Og eg sende då straks, endå fyrr kontortida var ute, ei verbalnote tilbake til den tyske sendemannen, der eg opplyste at det synter seg at det var rett det som han sjølv hadde opplyst i verbalnota si, at framsyninga berre skulde vara dei tri dagane og at eg på telefonisk fyrespurnad i Bergen hadde fått stadfest at framsyninga var slutt. Sidan har eg ingen ting høyrt um denne saka, og eg har ikkje lagt merke til at det i dei tri vikone som har gått etterpå, har vore nokon skilnad i tilhøvet vårt til Tyskland, so korleis verknaden har vore i Tyskland kann eg då inga opplysning gjeva um.

Den utvidede utenrikskomite
Møte torsdag den 2. mars 1939 kl. 10

Men det er kann henda rett endå i denne samanhengen når eg her greier noko ut um tilhøvet til Tyskland i slike spørsmål, at eg nemner eit anna spørsmål som vi hadde uppe og der vi gjorde eit diplomatisk steg frå norsk side. Det var alle desse fyrespurnadene som kom til norske forretningar med krav på opplysning um kva rase dei høynde til millom anna, og desse fyrespurnadene hadde i eit par tilfelle til grunnlag, eller vart i det minste grunngjevne med at det trongst for embetsfyremål eller krav frå embetsmyndigheiter i Tyskland. Og det var just dette, tilvisinga til embetskrav i Tyskland, som gjorde at vi i utanriksdepartementet meinte vi kunde venda oss um saka til det tyske utanriksdepartementet. Det gjorde vi då òg, og der fekk vi ei tid etter - det gjekk alltid eit par vikor - klårt og greitt svar um at den tyske regjeringa mislikte desse fyrespurnadene som forretningane hadde sendt, og at dei skulde syrgja for at forretningar som viste til tyske embetsmyndigheiter i dette, vart tilrettevist på høveleg måte. So i det spørsmålet fekk vi då klårt og greitt svar. Eg har just i dag fått opplysning um at Sverike har fått svar av same innhaldet. Sverike hadde gjort sin fyrespurnad fyre oss, men fekk ikkje svar fyrr no lenge etter, men det fekk eg då greie på i dag.

Formannen: Tør jeg spørre om det er nogen som ønsker ordet i anledning av de forhold som utenriksministeren har gitt meddelelse om?

Støstad: Jeg vil bare spørre om utenriksministeren har lagt merke til at det i avisene igårveld eller idag stod opplysning om at et firma i Kristiansand nettop i disse dager har fått den samme forespørsel fra et tysk firma.

Statsråd Koht: Nei, eg har ikkje set det.

Joh. Ludw. Mowinckel: Hvordan går det med ordensvesenet der nede?

Statsråd Koht: Vi har ikkje fått nokon orden vi.

Formannen: Jeg vet ikke til slutt om det kan sies noget nytt om det forholdet til Sovjet-Unionen som vi har drøftet så meget i komiteen, saken om disse skibene og høiesterettsdommen, om der fra russisk side foreligger noget som helst nytt om den sak, eller om utenriksministeren mener at vi senere i komiteen vil komme til å drøfte spørsmålet om å bringe den inn for Haag.

Statsråd Koht: Det spørsmålet vil eg få lov å svara på ein annan gong. Eg har i dokument frå Russland nyleg fått eit svar med framlegg frå minister Urbye um kva ein skal gjera, men eg har nett i dag notert meg at no skulde det

Den utvidede utenrikskomite
Møte torsdag den 2. mars 1939 kl. 10

politiske kontoret i departementet segja meg si meinings um dette, men det vil eg då få koma til komiteen med sidan.

Formannen: Mange takk. - Jeg tør spørre om det er nogen av komiteens medlemmer som har nogen spørsmål å rette til utenriksministeren for øvrig. Hvis ikke, vil jeg bare takke utenriksministeren fordi han er kommet her og har svart på de spørsmål som vi har stillet. Jeg beklager at jeg har konferert med utenriksministeren slik at han misfornod at det var den utvidede komite idag, men jeg konstaterer at de tre fremøtte medlemmer, herrene Thorvik, Magnus Nilssen og Lykke, ikke i særlig grad har vanskeliggjort utenriksministerens opgave, og jeg tror at vi alle har det inntrykk at utenriksministerens forberedelse var tilstrekkelig for oss.

Møtet hevet kl. 11.